

ÅRSRAPPORT 2025



NOMIL
NORDFJORD MILJØVERK

Innhald

OM NOMIL	3
ORGANISASJON	4
AKTIVITET/ABONNENTAR	5
GJENNVINNINGSGRAD	6
AVFALL HUSHALD	7
FARLEG AVFALL	9
AVFALL TIL NÆRING	10
HANDSAMING AV INNSAMLTA FRAKSJONAR	11
DRIFT/PROSJEKT	13
UTADRETTA VERKSEMD	16
YTRE MILJØ OG BEREDSKAP	17
ANBOD OG AVTALAR I 2025	18
RESULTAT OG UTVIKLING	19
AVSLUTNING	21
RESULTATREKNESKAP 2025	22
BALANSE PR. 31. DESEMBER 2025	23
NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2025	25
MELDING FRÅ REVISOR	29

OM NOMIL

Nordfjord Miljøverk IKS (NoMil) er eit interkommunalt renovasjonsselskap med hovudkontor på Sandane i Gloppen kommune. Selskapet er eigd av kommunane Stryn, Kinn, Gloppen, Stad og Bremanger.

Føremålet med Nomil er å utføre eigarkommunane sine oppgåver med innsamling av avfall frå hushalda.

NoMil administrerer i tillegg innsamling og handsaming av slam i kommunane Gloppen, Stad og Bremanger. Kommunane sin eigardel i NoMil svarer til folketalet, og dei heftar såleis uavgrensa for sin prosentdel av selskapet sine plikter.

Styresamansetjing:

Styremedlemmar:

Sven Flo, styreleiar
Jorunn Frøyen, nestleiar
Gunn Sande
Jan Henrik Nygård
Marit Elisabeth Larssen
Tor Olav Sande

Kommune:

Stryn
Bremanger
Stad
Kinn
Gloppen
Tilsettrepresentant

Varamedlemmar:

Per Ståle Husevåg
Miriam Nesje
Dag Henning Reksnes
Øystein Hellesø

Gloppen
Kinn
Stad
Vara tilsettrepresentant

Representantskapet i NoMil har til saman 16 medlemmar. Kinn kommune har 5 medlemmar, Bremanger kommune har 2 medlemmar, og kommunane Stad, Gloppen og Stryn har 3 medlemmar kvar.

Leiar i representantskapet er Bengt Solheim-Olsen med Judith Kvåle som nestleiar.



Stad
kommune



Stryn
kommune



Gloppen
kommune



Bremanger
kommune



Kinn
kommune

ORGANISASJON

ÅRSVERK OG LIKESTILLING

NoMil hadde ved årsskiftet 46 fast tilsette og en vikar, fordelt på 3 kvinner og 44 menn. Av desse var 43 i full stilling og 4 i deltidsstilling, til saman 45 årsverk.

Ved utgangen av året var det 9,4 årsverk i administrasjonen med ansvar for mellom ann abonnementservice/sentralbord, logistikk, rekneskap og løn, innkjøp, prosjektleiing og leiing.

På hovudmottaket hadde 8 årsverk ansvar for drift av hovudanlegget, verkstad og inn/uttransport av avfall.

Til saman 5,4 årsverk drifta gjenbruksstasjonane i Purkeholta, Smørhamn, Vedvik, Selje og Eidsmona.

På renovasjonsavdelingane var det 22,2 årsverk, av desse 16,2 på Nordfjordeid og 6 i Florø.

Styret har 5 medlemmar fordelt på 3 kvinner og 2 menn, og varamedlemmar fordelt med 1 kvinne og 2 menn.

ARBEIDSMILJØ

Arbeidsmiljøet i selskapet er etter styret si meining godt. Samla registrert sjukefråvær i 2025 var på 6,29% mot 5,75% i 2024. Av det samla fråværet var 5,34% legemeldt langtidsfråvær over 16 dagar. I andre halvdel av 2025 har det langtidsjukmeldte fråværet gått nedover. Det har ikkje vore registrert alvorlege arbeidsulykke som har resultert i fråvær i 2025.

Styret har fokus på fråvær i organisasjonen, som i 2025 i lita grad var arbeidsrelatert.

NoMil skal til ei kvar tid ha fokus på at tilsette i selskapet ikkje blir utsett for slitasje og skade som direkte eller indirekte kan knytast til arbeidet i selskapet.

For å sikre eit akseptabelt sjukefråvær, er det kontinuerleg fokus på eit godt arbeidsmiljø og fokus på HMS og strenge krav til bruk av verneutstyr. NoMil er tilknytt bedriftshelseteneste.

Meldingsåret har vore prega av utfordringar knytt til langtidsjukmeldingar, noko som har vore med på å trekke gjennomsnittleg fråvær i NoMil til eit gjennomsnittleg nivå. Det er forventa ei positiv endring i 2026.




AKTIVITET/ABONNENTAR

TAL ABONNENTAR

NoMil hadde ved utgangen av 2025 til saman 21864 hushaldningar- og fritidsabonnentar. Samanlikna med 2024 er samla tal abonnentar om lag uendra. Nedgang i tal hushaldningar skuldast i hovudsak omklassifisering til fritidsbustadar som har auka tilsvarande.

Kommunar	Tak hushaldningar		Fritid		Sum abonnentar	
	År 2025	År 2024	År 2025	År 2024	År 2025	År 2024
Bremanger	1499	1496	749	747	2248	2243
Stad	3814	3851	821	784	4635	4635
Gloppen	2386	2376	402	402	2788	2778
Stryn	2787	2827	1314	1290	4101	4117
Kinn	6777	6772	1315	1315	8092	8087
Totalt	17263	17322	4601	4538	21864	21860



GJENVINNINGSGRAD

GJENVINNINGSGRAD HUSHALDNINGSAVFALL


Av samla mengd avfall gjekk 3,1 % til deponi og anna behandling. Dette er avfall som ikkje kan leverast til forbrenning som betong, porselen, keramikk m.m., samt enkelte typar farleg avfall.

Alt av restavfall går til forbrenning og energiutnytting.

Materialgjenvinningsgrad for hushaldningsavfall var i 2025 på 37,8 % mot 35,6 % i 2024, ein oppgang på 2,2 %. Energigjenvinningsgrada var 58,5 % mot 60,7,0 % i 2024, medan ombruk vart redusert frå 0,7 % i 2024 til 0,6 % i 2025.

GJENVINNINGSGRAD	År 2025	År 2024	År 2023	År 2022	År 2021	År 2020	År 2019
Materialgjenvinning	37,8 %	35,6 %	38,0 %	27,0 %	30,0 %	28,0 %	48,0 %
Energigjenvinning	58,5 %	60,7 %	59,0 %	69,0 %	68,5 %	71,0 %	50,0 %
Ombruk	0,6 %	0,7 %	0,5 %	2,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %
Deponi/anna	3,1 %	2,9 %	2,5 %	2,0 %	1,5 %	1,0 %	2,0 %
SUM	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %

Avfallspyramiden



AVFALL HUSHALD

MENGDE HUSHALDNINGSAVFALL

Hushaldningsavfall 2025		Tonn			Kg/pr. innb		
År	2025	2024	2023	2025	2024	2023	
Restavfall dunk	3433	3390	3538	79	78	81	
Restavfall gjenbruksstasjon	2490	3240	3026	57	74	70	
Matavfall	2431	2304	2404	56	53	55	
Plastemballasje	340	313	255	8	7	6	
Papp, papir og kartong	1045	1211	1230	24	28	28	
Glas- og metallemballasje	625	652	596	14	15	14	
Trevirke	2195	1620	940	50	37	22	
EE-avfall	350	315	318	8	7	7	
Anna avfall	1700	1362	1045	40	31	24	
Farleg avfall	559	526	449	13	12	10	
Totalt	15168	14933	13801	349	342	317	

Totalt tok Nomil i mot 15169 tonn hushaldningsavfall i 2025. Mengda har gått opp med 237 tonn som er ein auke på 1,59 %. Mengda restavfall har gått opp med 43 tonn tilsvarande 1,27 % frå 2024.

Av den samla mengda hushaldningsavfall i 2025, var 51 % henta hos abonnentane og 49 % levert til gjenbruksstasjonane.


Totalt tok gjenbruksstasjonane i 2025 i mot 6755 tonn hushaldningsavfall, ein nedgang på 421 tonn frå 2024. Mengda med farleg avfall gjekk i perioden opp med 33 tonn.

ÅR 2025	Smørhamn	Selje	Haugen	Svarstad	Eidsmona	Vedvik	Florø	Totalt
Restavfall	161	93	429	552	333	416	381	2365
Trevirke	125	83	206	262	254	351	410	1691
Stål	65	38	120	104	380	123	110	940
EE-avfall	32	31	59	43	74	63	42	344
Papir/papp	3	7	24	7	22	18	0	81
Glas/metallemb	0	0	0	0	6	0	23	29
Hageavfall	14	15	81	0	24	103	71	308
Inert	12	12	46	41	87	56	17	271
Gips	5	2	12	13	68	14	7	121
Fritidsbåt	3	0	0	0	15	0	13	31
Tau/not	7	1	1	0	0	2	3	14
Farleg avfall	41	32	81	67	139	75	124	559
Totalt	468	314	1059	1089	1402	1221	1201	6754


ÅRSRAPPORT FRÅ STYRE

I 2025 vart selskapet Norwaste AS engasjert for å gjennomføre plukkanalyse. Det vart analysert om lag 600 kg restavfall og 600 kg matavfall frå dunkrenovasjonsordninga frå privat hushaldningar.

Resultata synte at 54,9 % av restavfallet var riktig sortert, medan dei resterande 45,1 % kunne vore kjeldesortert i andre fraksjonar. For matavfallet var 84,5 % riktig sortert medan dei resterande 15,5 % skulle vore sortert ut i andre fraksjonar.



Resultat av plukkanalyse, restavfall.



Resultat plukkanalyse, matavfall.

FARLEG AVFALL

Totalt tok Nomil imot 649,6 tonn farleg avfall. Av dette kom 559 tonn (86 %) frå hushalda, medan 90 tonn (14 %) vart levert av næringsdrivande. Impregnert trevirke utgjer heile 47% av den totale mengda farleg avfall.

Fraksjon	Tonn	%	Andel
Spillolje	26,5		4,1 %
Bensin/fyringsolje/drivstoffilter	4,29		0,7 %
Måling, lim, lakk	59,75		9,2 %
Sprayboksar	2,81		0,4 %
Sement/tørrmørtel	4,59		0,7 %
Blybatteri	49,75		7,7 %
Impregnert trevirke	306,19		47,1 %
Syrer	0,54		0,1 %
Baser	0,57		0,1 %
Løysmiddel	3,88		0,6 %
Isolerglas	31,4		4,8 %
Asbest	108,33		16,7 %
Gassflasker	11,03		1,7 %
Anna farleg avfall	39,99		6,2 %
Totalt	649,62		100,0 %



AVFALL NÆRING

MENGDE NÆRINGSVAFALL

Av den samla mengda avfall på 17186 tonn avfall som NoMil tok i mot i 2025, kom 2017 tonn (12%) frå næring. Samla mengd restavfall har gått ned med 412 tonn, medan mengda anna avfall har gått opp med 600 tonn, av denne auken utgjier trevirke heile 284 tonn.

Næringsavfall 2025	tonn			andel %		
	2025	2024	2023	2025	2024	2023
Restavfall dunk	651	653	736	32,3	35,7	17,3
Restavfall gjenbruksstasjon	133	320	293	6,6	17,5	6,9
Restavfall direktelevert	226	449	2 208	11,2	24,6	52,0
Papp, papir og kartong	5	7	12	0,2	0,4	0,3
Glas- og metallemballasje	55	11	25	2,7	0,6	0,6
Trevirke	444	160	598	22,0	8,8	14,1
EE-avfall	44	35	33	2,2	1,9	0,8
Anna avfall	368	116	302	18,3	6,3	7,1
Farleg avfall	90	77	39	4,5	4,2	0,9
Totalt	2 016	1 828	4 246	100,0	100,0	100,0

Restavfall til forbrenning frå næring utgjier 37,0 % mot 81% i 2024, mens tilsvarande mengde frå hushalda er 39,0 %.

Den prosentvise nedgangen skuldast ein vesentleg reduksjon i mengde restavfall frå gjenbruksstasjonane og auka mengde med trevirke.

Samla mengde næringsavfall har auka siste året med 188 tonn tilsvarande vel 10%.



HANDSAMING AV INNSAMLAR FRAKSJONAR



RESTAVFALL

NoMil har hatt sidan 15.03.2024 hatt avtale på behandling og transport av alt restavfall med Norsk Råvare AS. Totalt 6.933 tonn restavfall vart frakta av Thor Tenden Transport AS til forbrenning hos Fortum Oslo Varme AS.



VÅTORGANISK AVFALL

2431 tonn våtorganisk avfall frå hushaldningane, kommunar og næringslivet vert lasta om til lukka krokcontenar i Eidsmona, og frakta med eigne lastebilar til biogassproduksjon hos Mjøsanlegget AS på Lillehammer. Fordelt på folketal var det samla inn 55,6 kg pr. innbyggjar.



PLASTEMBALLASJE, PAPP OG PAPIR

NoMil har avtale med Movia Utvikling om å sortere og presse desse fraksjonane. I 2025 vart det samla inn 7,8 kg plastemballasje pr innbyggjar, totalt 340 tonn.




Plastemballasje vert omset gjennom Plastretur/Grønt Punkt Norge, som organiserer materialgjenvinninga i Noreg. NoMil omset returpapiret gjennom privat avtale med Geminor AS, og dette går til materialgjenvinning.

I Vågsøy vert papp, papir og plast sortert og omsett gjennom ASVO Måløy.



Auka innadørs lagerkapasitet av plastemballasje, papp og papir, og endring i innhenting av plast har ført til betre kvalitet.



GLAS- OG METALLEMBALLASJE

Alle hushaldningsabonnentane har eigen dunk for glas- og metallemballasje med tømning kvar 12. veke. Mengda innsamla glas- og metallemballasje i 2025 har gått ned med 27 tonn til 625 tonn, ein nedgang på 4,1 % frå 2024.



Innsamla mengde for kvar innbyggjar i 2024 var 14,3 kg .

NoMil har leveringsavtale med Norsk Glas- og Metallgjenvinning/ Sirkel Glass AS.



EE-AVFALL

Elektrisk og elektronisk avfall vert no omsett gjennom Revac i Tønsberg. Innsamla mengde er 350 tonn som er 8,0 kg for kvar innbyggjar.



FARLEG AVFALL

Farleg avfall er den fraksjonen som er mest ressurskrevjande å handtere. Med dei krav som vert stilt til sortering, pakking og dokumentasjon på fareeigenskapar, er dette eit tidkrevjande arbeid som krev spesialkompetanse.

Farleg avfall vert levert til ei rekke mottakarar, m.a. Norsk Gjenvinning, Heidelberg Materials, Batteriretur og Sunnfjord Miljøverk.



TREVIKKE OG HAGEAVFALL

2639 tonn med blanda trevirke blir etter avtale med Lindum AS gjeldande fram til 1. juni 2026, køyrt til anlegg i Sverige for energigjenvinning.

Uregelmessig uttransport og nedbør fører til avvik i vekt på trevirke som vert sendt til forbrenning, samanlikna med tørt trevirke som vert levert inn på anlegget.



SLAM FRÅ HUSHALDNINGANE

NoMil administrerer slam-ordninga for kommunane Gloppen, Stad og Bremanger.

Nomil, Sunnfjord Miljøverk og Kinn kommune inngjekk etter felles anbod, avtale med Norva24 om innsamling og handsaming av slam i 2024 med opsjon på forlenging inntil 3 år.



DRIFT / PROSJEKT


HOVUDANLEGG I EIDSMONA

Hovudanlegget til NoMil vart teke i bruk i 2012, og er lokalisert ved E39 om lag 4 kilometer søraust for kommunesenteret Sandane i loppn kommune.

Anlegget er på 21 dekar på eit nivå, og ligg gunstig plassert i høve transport og tilgang til gjenbruksstasjonen for Gloppen. I tillegg eig NoMil eit tilhøyrande areal på vel 6,2 dekar om behov for utvida aktivitet.

På anlegget er det etablert ein storhall på 2200 m² for sortering, kverning og lagring av avfall, i tillegg eigen sorteringshall med presse og lagerareal til plastemballasje/papp/papir, verkstad/vaskehall, lager for farleg avfall og utstyr, samt administrasjon.

Det meste av dei 17.184 tonna med avfall vert transportert inn til anlegget for mellomlagring, grovsortering, kverning, lasting og uttransport. Inntransport av avfall frå gjenbruksstasjonane og uttransport av våtorganisk avfall og avfall til deponering vert administrert og handtert frå hovudanlegget med egne vogntog.



RENOVASJONSAVDELINGANE

Renovasjonsavdelingane på Nordfjordeid og i Florø disponerer 12 store renovasjonsbilar og 2 mindre bilar som til saman samlar inn avfall frå våre hushaldningsabonnentar og hytte- og fritidsabonnentar.



DRIFT AV GJENBRUKSSTASJONANE

Gjenbruksstasjonane tek i mot avfall som ikkje kan takast med på våre ordinære henteordningar.

NoMil har gjenbruksstasjonar i Stryn og Gloppen, og to i kvar av kommunane Bremanger, Stad og Kinn. Gjenbruksstasjonane i Gloppen, Bremanger og Kinn er drifta i eigen regi.

- I Gloppen er stasjonen samlokalisert med hovudanlegget i Eidsmona
- I Florø er den samlokalisert med renovasjonsavdelinga i Purkehola 13 kilometer aust for sentrum.
- Gjenbruksstasjonen på Haugen ligg 6 kilometer vest på Nordfjordeid er drifta av MyRø Invest AS
- I Stryn er stasjonen samlokalisert med, og drifta av Tenden Miljø AS på Svarstad 6 kilometer vest for sentrum.
- I Selje er stasjonen drifta med mannskap frå hovudanlegget og frå Stad kommune



PROSJEKT

Ny gjenbruksstasjon Bremanger

Bremanger kommune og NoMil har vurdert ulike lokaliseringar for ein ny stasjon sentralt i kommunen. Formannskapet i Bremanger kommune gjorde i 2023 eit samrøystes vedtak om å sett i gong planarbeid for detaljregulering av gjenbruksstasjon på Nygård i Skatestraumen. Den vidare arbeidet er avhengig av resultat frå kartlegging av mogeleg kulturhistorisk verdi i området.

Gjenbruksstasjonsstruktur i Nordfjord

NoMil har tidlegare fått utgreia mogeleg framtidig struktur for gjenbruksstasjonane i Ytre Nordfjord i forhold til kvalitet, investerings- og driftskostnadar og tilgjengelegheit.

Styret har vurdert alternativ ulike alternativ, og representantskapet er orientert i sak 14/25. NoMil arbeider vidare saman med Stad kommune om vidareføring av stasjonen på Haugen i eigenregi frå siste del av 2028. Mogelege tiltak for framtidig stasjon i Selje er vurdert saman med kommunen.

NoMil er i dialog med Stryn kommune mogelegheit for etablering av ny gjenbruksstasjon i Stryn frå hausten 2027.

Representantskapet er orientert og har uttalt seg om arbeidet i sak 14/25.

Biohub Fjordane

Våren 2025 vart utviklingselskapet «Biohub Fjordane AS» etablert i samarbeid med eksterne aktørar og eigarar. Selskapet skal utgreie mogelegheit for å nytte ressursar lokalt på ein miljøvenleg måte og skapa ny næring.

SFE AS / Nyvinn tok over vidareføring av biogassprosjekt på Teita i 2023.

DEPONI

I 2022 fekk NoMil endeleg etterdriftsløyve for det tidlegare deponiet i Ivahola. NoMil har som mål å utført gjenstående tiltak i løpet av 2026, og etter det reknar myndigheitene deponiet som avslutta.

NoMil har ansvar for kontroll, overvaking og vedlikehald av deponiet i minimum 30 år, etter at det vert avslutta.



Ivahola avfallsdeponi

UTADRETТА VERKSEMD



På NoMil sine nettsider (www.nomil.no) finn abonnentar og andre interesserte informasjon om NoMil sine ordningar, og til dømes tømmekalender, opningstider og prisar for levering. Heimesida vert jamleg oppdaterte med aktuelt stoff.

Styringsdokument, styre- og representantskapsprotokollar og standardføreskrifter er tilgjengelege på våre heimesider.

NoMil brukar SMS-varsling til den einskilde abonnent med informasjon om ny tømmekalender, endring eller innstilte tømmeruter med vidare.

NoMil har eigen mobilapplikasjon som varslar om levering av avfall, oversikt over gjenbruksstasjonane, sorteringsguide og anna informasjon. NoMil nyttar og andre sosiale media som til dømes facebook for å nå ut til våre abonnentar med nyttig informasjon på ein rask og kostnads-effektiv måte.

Gode elektroniske drifts- og støttesystem opnar for effektiv informasjonsflyt og god service til abonnentar og eigarar. Målsetjinga er å få etablert «Mi side» på våre heimesider i samband med overgang til nytt kundesystem. Alle abonnentar vil då få tilgang til digitalt å mellom anna å tinge nye eller endre storleik på avfallsbeholdar, få oversikt over faktura og betaling. Dette vil gje ei meir effektiv sakshandsaming, og abonnentane har tilgang til dei einskilde tenestene utanom ordinære arbeidstid.



NoMil har vore på besøk til barnehagar og hatt fleire omvising med informasjon om vår aktivitet til skuleklasser frå Firda vidaregåande skule.

YTRE MILJØ OG BEREDSKAP

INDUSTRIVERN

Hovudanlegget til Nomil er underlagt plikt om industrivern. NoMil har ansvar for å yte førsteinnsats i samband med brann, ulykker, personskadar og forureining. Industrivernet har forsterking for brann, som medfører at ein har noko tyngre sløkkeutstyr og enkelte tilsette skal ha særskilte kunnskap om brann.

Tilsette på hovudanlegget er kursa og hatt øvingar for innsatspersonale, orden og sikringsgruppe, samt ein redningsstab. Etablering av industrivern medfører utvikling av planverk, jamlege øvingar og opplæring gjennom driftsåret. Alle tilsette på hovudanlegget inngår i industrivernet.



UTSLEPPSLØYVE OG EU SITT INDUSTRIUTSLEPPSDIREKTIV

Hovudanlegget i Eidsmona har eige utsleppsløyve. Løyvet set rammene for kva slags avfall ein kan ta i mot og lagre, samt kor mykje ein kan i ta i mot per år, korleis avfall skal lagrast og kva Nomil kan gjere med avfallet. I 2020 tok Statsforvaltaren inn krav og vilkår i utsleppsløyve, som kjem frå EU sitt industriutsleppsdirektiv. Innføringa av dette direktivet fører til endringar i drifta av anlegget. Mellom dei mest resurskrevjande krava er kartlegging av alle utslepp til grunn og vatn, og innføring av omfattande kontrollrutinar.

TILSYN FRÅ STATSFORVALTAR

Statsforvaltar gjennomførte tilsyn den 19.11.25 hos Kinn kommune med oppfølging av avfallsføreskrifta kapittel 10a. Statsforvaltaren fann eit avvik på tilsynet:

- Kommunen har ikkje lagt til rette for utsortering og separat innsamling av alt hushaldsavfall frå alle fritidsbustader

I Kinn kommune er det etablert over 60 returpunkt for vel dei vel 1300 hytte- og fritidseigedomar for å unngå ureining. Dette gjev vel 20 hytte- og fritidseigedomar for kvart returpunkt. Etablering av separat innsamling av alt hushaldsavfall vil kunne resultere i ein kraftig reduksjon returpunkt for å etablere nye ordningar. Dette vil føre til lengre anstandar til returpunkt med fare for auka ureining og vesentleg høgre renovasjonsgebyr. Mange andre renovasjonsselskap har same utfordring som NoMil med få hytte- og fritidseigedomar fordelt på store områder, på øyar og i områder utan tilkomst.

ANBOD OG AVTALER I 2025

INNKJØP

NoMil følger lov om offentlege innkjøp. I meldingsåret er det mellom anna inngått følgjande avtaler.

NoMil har avtale med det kommunale samarbeidet INSS – Innkjøpsamarbeid i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn - om støtte til innkjøpsarbeidet.

ANBOD	Leverandør	Periode	Opsjon
Impregnert transport/behandling	Lindum	06.2025-05.2026	
Leasingavtaler	DnB	Løpande	
Renovasjonsbil	TruckNor	Levering Q1 2026	
Vogntog med hengar	Norsk Scania	Levering Q1 2026	
Rammeavtale bioposar	Naturabiomat AS	Levering 2026-2027	2028-2029
FoU samarbeid nytt kundesystem	AsplanViak/Avinet	2026 - 2035	

Avfallstypar med avgrensa volum og få mottakarar, som glas- og metallemballasje, plast, papp/papir, våtorganisk og metall har NoMil ikkje tidsavgrensa leveringsavtaler.

EE-avfall og farleg avfall vert transportert til ulike spesialmottak for behandling på ikkje tidsavgrensa avtaler.

NoMil har invitert andre renovasjonsselskap til felles innkjøp for å oppnå betre prisar grunna større volum.

Avtale på innsamling og behandling av hushaldningsslam har NoMil saman med Sunnfjord Miljøverk og Kinn kommune.

Innkjøp av avfallsbeholdarar er gjort i samarbeid med Volda og Ørsta Renovasjon, mens ny rammeavtale på bioposar er inngått saman med SIMAS i Sogn og NGIR i Norhordland.



Uttransport av våtorganisk avfall frå Eidsmona til Mjøsanlegget på Lillehammer.

RESULTAT OG UTVIKLING

REKNESKAP

Inntekter

Samla inntektene i 2025 var på 107,18 mill. kroner, ei auka på 4,5 mill. (4,3%) samanlikna med rekneskap for 2024, og 4,1 mill. (3,9 %) over budsjett. Gebyrinntekter frå hushald og fritid var 1,2 mill. over budsjett, medan inntekter frå næring og gjenbruksstasjonane var om lag som budsjettet.

Andre driftsinntekter var 1,6 mill. over budsjett. Dette skuldast meir sal av driftsmidlar enn budsjettet.

Kostnader

Samla varekostnad i 2025 var 1,4 mill. (3,8%) lågare enn i 2024, og 2,3 mill. (6,1%) under budsjett.

Kostnader for kjøp av avfallsbeholdarar, plastsekkar og bioposar var 0,6 mill. under budsjett. Kostnad for levering av restavfall var 3,0 mill. under budsjett, mens levering av rivingsavfall og trevirke var 0,9 mill. høgare enn budsjett.

Løn

Auke i direkte lønskostnader mot budsjett var på 8,5%. Auken skuldast generell lønsauke, auka bemanning og høgare pensjonskostnader. Samla personalkostnader medrekna pensjon auka med 4,9 mill. tilsvarande 14,9% mot året før.

Andre driftskostnader

Avskrivningar gjekk ned med 0,60 mill. frå 2024, og det er sett av 0,39 mill. ekstra i avsetning tap på krav.

Andre driftskostnader var om lag som budsjettet. Med sterk fokus på kostnadsstyring og effektivisering har andre driftskostnader likevel ikkje auka med meir enn 3,6% frå året før.

Resultat

Rekneskapen for 2025 er gjort opp med eit årsresultat på kr. 4.067.580,- mot eit overskot i 2024 på 4.201.319,- etter finans/skatt. Resultatet er betre enn budsjettet, sjølv med auka innkjøpskostnader og høg løns- og prisvekstvekst. Dette skuldast endra avfallsvolum, effektiviseringstiltak, sal av driftsmidlar, positivt finansresultat og større refusjon av sjukepengar enn budsjettet.

INVESTERINGAR

Selskapet har mellom anna investert i nye stålcontainerar til 1,1 mill., anna utstyr for 2,9 mill. kroner og nytt vogntog.

Netto bokført auke i varige driftsmidlar etter tilgang, avgang og avskrivningar er på 0,9 mill. kroner.

Det er i 2025 teke opp leigeavtalar på renovasjonsbilar og vogntog på 13,4 mill.

LIKVIDITET

Likviditeten i selskapet har vore god i driftsåret. Gjennom året var det store svingingar, men selskapet har til ein kvar til hatt tilstrekkeleg med midlar til å ta i vare våre forpliktingar.

PENSJONSPLIKTER

Balanseføring av pensjonspliktene er ikkje vidareført i 2025.

ÅRSRAPPORT FRÅ STYRE

SJØLVKOST

Dei lovpålagde oppgåvene som NoMil utfører på vegne av eigarkommunane, skal utførast til sjølvkost.

Det vil seie at ein skal dekke den faktiske kostnaden for renovasjons- og slamtenesta, og som gjer at selskapet over tid skal drivast i balanse utan overskot. Renovasjonsgebyra som abonnentane betaler vert utrekna etter sjølvkost.

Avvik mellom sjølvkostresultat og rekneskapsresultat vert ført mot anna eigenkapital.


NÆRINGSVERKSEMD

NoMil skil mellom sjølvkosttenester knytt til hushaldningsavfall og slam, og tenester knytt til handtering av næringsavfall. Det skal ikkje vere kryss-subsidiering mellom sjølvkostområdet og næringsaktiviteten i selskapet.

Inntekter og kostnader vert registrert direkte eller fordelt mellom sjølvkost og næringsaktivitet etter nøklar utrekna etter verdi og volum. NoMil si næringsverksemd omfattar i hovudsak innsamling av næringsavfall i eigen regi, avfall frå våre eigarkommunar og gjenbruksstasjonar, næringsavfall levert direkte til hovudanlegget og omsetning av avfallsfraksjonar. Driftsresultatet av næringsaktiviteten er skattepliktig.

Nøkkeltal	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Tal på anonnentar	14 836	20 155	20 764	21 271	21 456	21 860	21 864
Hushaldningsavfall (1000 tonn)	11 064	15 179	15 059	14 238	13 798	14 932	15 168
Tal medarbeiderar	25	32	37	40	42	46	46
Samla omsetning	64 838	81 981	89 073	93 233	98 268	102 736	107 151
Årets resultat	408	-333	4 901	17	1 895	4 201	4 067
Eigenkapital	10 604	15 616	11 653	7 815	9 711	14 185	23 222
Langsiktig gjeld og plikter	24 057	30 042	36 620	42 950	44 850	36 627	26 477

Rekneskapstal oppgjeve i 1000 kr.



Tabell 8: Nøkkeltal

ÅRSREKNESKAP

Etter styret si meining gjev den framlagde rekneskapan eit rett inntrykk av selskapet si stilling og resultat. Styret kjenner ikkje til at det frå rekneskapan si avslutning og fram til dags dato har oppstått noko som endrar selskapets stilling.

Styret foreslår at den framlagde rekneskapan vert fastsett som årsrekneskap for selskapet.

Rekneskapan er avslutta under føresetnad av framleis drift i selskapet.

AVSLUTNING

Driftsåret 2025 har vore prega av auka aktivitet, og endringar i volum av ulike avfallsfraksjonar. Samstundes som mengda hushaldningsavfall har auka, har mengda restavfall gått ned og materialgjenvinningsgrada auka.

Styrka kapasitet til personaloppfølging, økonomistyring og miljøfokus har saman med effektivisering og kostnadsstyring resultert i eit rekneskap med overskot.

God likviditet og eigenkapital vil vere avgjerande for realisering av nye planlagde prosjekt dei komande åra.

Auka kapasitet og gode verkstadfasilitetar har styrka vedlikehaldet av maskiner, utstyr om lastebilar, noko som har redusert behov for større reparasjonar og nedetid.

Det har vore styrka fokus på tiltak knytt til industri- og brannvern med øvingar på hovudanlegget i Eidsmona med strengare krav til avfallshandtering, lagring og utsleppskontroll.

Styret er nøgde med den daglege drifta av organisasjonen og dei disponeringar som er gjort, og vil nytte høve til å takke alle tilsette for godt utført arbeid i selskapet.


Sandane, 31.12.2025/ 16.03.2026



Sven Flo
Styreleiar



Jorunn Frøyen
Nestleiar



Gunn Sande
Styremedlem



Jan Henrik Nygård
Styremedlem



Marit Elisabeth Larssen
Styremedlem



Tor Olav Sande
Styremedlem



Inge Bent Arnestad
Adm. direktør

ÅRSREKNESKAP 2025

Resultatrekneskap for 2025

Nordfjord Miljøverk IKS

	Note	2025	2024
Driftsinntekt			
Driftsinntekt hushald		85 830 244	81 569 856
Driftsinntekt næring		11 895 853	12 073 968
Slamgebyr		9 458 535	9 092 661
Sum driftsinntekter		107 184 632	102 736 485
Driftskostnad			
Varekostnad		-35 549 837	-36 940 739
Lønskostnad	1,2,3,4	-37 941 135	-33 034 342
Avskrivning driftsmidler og immaterielle egedelar	5	-3 052 704	-3 632 654
Andre driftskostnader	6,7	-26 868 690	-25 213 423
Sum driftskostnader		-103 412 366	-98 821 158
Driftsresultat		3 772 267	3 915 328
Anna renteinntekter		1 699 404	1 704 054
Anna finansinntekter		0	153
Sum finansinntekter		1 699 404	1 704 207
Anna rentekostnader		-983 071	-1 131 144
Anna finanskostnader		-3 0210	-3 437
Sum rentekostnader		-986 092	-1 134 581
Netto finans		713 312	569 626
Ordinært resultat før skattekostnader		4 485 579	4 484 954
Skattekostnad på ordinært resultat	8	-417 999	-283 635
Ordinært resultat		4 067 580	4 201 319
Årsresultat		4 067 580	4 201 319
Overføringar			
Anna eigenkapital		4 067 580	4 201 319
Sum		4 067 580	4 201 319

Balanse pr. 31. desember 2025

Nordfjord Miljøverk IKS

	Note	2025	2024
EIGEDLAR			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Tomtar, bygningar og anna fast eigedom	5	21 799 936	23 049 893
Maskiner og anlegg	5	3 383 487	2 467 801
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskiner mv.	5	3 312 247	2 003 610
Sum varige driftsmidler		28 495 670	27 521 304
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i tilknytte selskap		0	0
Investeringar i aksjar og andelar		108 000	102 000
Sum finansielle anleggsmidler		108 000	102 000
Sum anleggsmidler		28 603 670	27 623 304
Omløpsmidlar			
Fordringar			
Kundefordringar	7	1 208 582	573 064
Andre fordringar		4 713 894	5 214 659
Sum fordringar		5 922 476	5 787 723
Bankinnskot, kontantar og liknande		31 529 836	32 914 162
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		31 529 836	32 914 162
Sum omløpsmidlar		37 452 312	38 701 885
Sum omløpsmidlar		66 055 982	66 325 189

Balanse pr. 31. desember 2025


Nordfjord Miljøverk IKS

	Note	2025	2024
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Andelskapital	9	<u>2 981 978</u>	<u>2 981 978</u>
Sum innskoten eigenkapital		<u>2 981 978</u>	<u>2 981 978</u>
Opptent eigenkapital			
Anna eigenkapital	9	<u>20 240 446</u>	<u>11 203 659</u>
Sum opptent eigenkapital		<u>20 240 446</u>	<u>11 203 659</u>
Sum eigenkapital		<u>23 222 424</u>	<u>14 185 637</u>
Gjeld			
Avsetning for forpliktingar			
Pensjonsplikter	2	0	4 969 207
Andre avsetningar for forpliktingar	10	<u>10 087 617</u>	<u>8 879 121</u>
Sum avsetning for forplikingar		<u>10 087 617</u>	<u>13 848 328</u>
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	11	16 389 320	21 779 764
Anna langsiktig gjeld		<u>0</u>	<u>0</u>
Sum anna langsiktig gjeld		<u>16 389 320</u>	<u>21 779 764</u>
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar		0	-2 864
Leverandørgjeld		7 353 132	8 125 847
Betalbar skatt	8	417 999	283 635
Skuldige offentlege avgifter		2 077 094	2 102 903
Anna kortsiktig gjeld		<u>6 508 396</u>	<u>6 001 938</u>
Sum kortsiktig gjeld		<u>16 356 621</u>	<u>16 511 459</u>
Sum gjeld		<u>42 833 559</u>	<u>52 139 551</u>
Sum eigenkapital og gjeld		<u>66 055 982</u>	<u>66 325 188</u>

Sandane 31.12.2025 / 16.03.2026



Sven Flo
Styreleiar


Jorunn Frøyen
Nestleiar


Gunn Sande
Styremedlem


Jan Henrik Nygård
Styremedlem


Marit Elisabeth Larssen
Styremedlem


Tor Olav Sande
Styremedlem


Inge Bent Arnestad
Adm. direktør

Nordfjord Miljøverk IKS

Notar til rekneskapen for 2025

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god regnskapsskikk for øvrige føretak. Frå 01.01.2014 er det innført skatteplikt på handtering av næringsavfall, jfr skattelova § 2-5.

Salsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført ved levering. Selskapet leverer tenester til både hushald og næring.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som knyter seg til varekretsløpet. For andre postar enn kundefordringar, omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter transaksjonsdagen. Anleggsmidlar er egedelar bestemt til varig eige og bruk. Langsiktig gjeld er gjeld som forfell seinare enn eit år etter transaksjonsdagen.

Omløpsmidlar vert vurdert lavast av innkjøpspris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidlar er vurdert til innkjøpspris. Varige anleggsmidlar er avskrivne etter vurdert avskrivningsplan. Anleggsmidlane er nedskrive til verkeleg verdi med verdifall som ikkje er forventa å være forbigåande. Langsiktig gjeld, med unntak av andre avsetningar, er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. For andre kundefordringar vert det gjort ei uspesifisert avsetning for framtidige tap.

Tilknytte selskap

Nordfjord Miljøverk IKS eig aksjar i følgjande selskap: Retura Norge AS 60 aksjar

Varebeholdning

Lager av innkjøpte vare er verdsett til lågaste av kostpris etter FIFO - prinsippet og verkeleg verdi. Eigentilverka ferdigvare og varer under tilverknad er vurdert til variabel tilverknadskost. Det vert føreteke nedskrivning for pårekeleg ukurans.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar er balanseført og avskrive når vurdert levetid er over 3 år og kostpris er over kr 30.000,-. Direkte vedlikehald av driftsmidlar er kostnadsført løpande under driftskostnadar, mens påkost eller forbetringar vert tillagt opprinneleg kostpris og avskrive i takt med driftsmiddelet.

Følgande rekneskapsprinsipp er brukt:

Leigeavtaler er ikkje balanseført. Langsiktige tilverknadskontrakter er inntektsført etter fullført kontrakts metode. Fordringar og gjeld i utanlandsk valuta er verdsett til kursen ved regnskapsårets slutt. Kursgevinstar og kurstap i utanlandsk valuta vert ført som finansinntekt og finanskostnad.

Skatt

Skattekostnaden i resultatregnskapet omfattar både periodens betalbare skatt og endringar i utsett skatt. Utsett skatt er berekna med 22% på grunnlag av dei midlertidige forskjellane som eksisterer mellom rekneskapsmessig og skattemessige verdiar, samt skattemessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret. Skatteaukane og skattereduserande midlertidige forskjellar som reverserer eller kan reversere i same periode, er utlikna og skatteverknaden er berekna på nettogrunnlaget. Selskapet er ikkje skattepliktig for den del av drifta som gjeld hushaldning.

Rekneskapsprinsipp

Selskapet har endra rekneskapsprinsipp frå 2023 til 2025. Årsregnskapet for 2023 bli levert i samsvar med regnskapslova og god regnskapsskikk for øvrige føretak. Endring av terskelverdiar med verknad for rekneskapsåret 2024 har medført at selskapet har gått vekk frå balanseføring av pensjonsplikter. Pensjonspliktene 31.12.2024 på kr 4 969 207 er ført mot annan eigenkapital.

ÅRSRAPPORT FRÅ STYRE

Note 1 Lønskostnader m.v.

Spesifikasjon av lønskostnader	2025	2024
Løn	28 362 104	26 788 883
Arbeidsgjevaravgift	3 514 572	3 236 734
Pensjonskostnader	4 724 305	3 318 932
Andre ytingar og refusjonar	1 340 153	-310 208
Sum	37 941 135	33 034 341

Note 2 Pensjonskostnader, - midlar og forpliktingar

Selskapet er pliktige til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Gjeldande pensjonsordning oppfyller krava etter denne lova. Selskapet har ei ytingsbasert pensjonsordning gjennom KLP som omfattar 46 aktive og 8 pensjonistar.

Ordninga gjev rett til definerte framtidige ytingar.

Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonistalder og storleiken av ytingane frå folketrygda. Forpliktinga er dekkja gjennom eit forsikringsselskap.

Dei tilsette blir trekt i løn for ein delar av pensjonspremien, medan selskapet dekkjer det øvrige.

Pensjonskostnad	2025	2024
Noverdi av pensjonsoppteninga i år	3 448 590	3 933 648
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	1 100 106	874 242
Avkastning på pensjonsmidlar	-1 582 325	-1 118 601
Administrasjonskostnader	132 059	125 246
Arbeidsgjevaravgift	328 434	404 341
Netto pensjonskostnad	627 335	4 218 876
Andel av premie trekt frå dei tilsette	514 786	493 165
Pensjonsmidlar - forplikting		
Brutto påløpt pensjonsforplikting	2 785 0449	25 017 919
Pensjonsmidlar	-29 490 535	-24 746 628
Aktuarielt gevinst/tap	1 906 025	1 690 422
Balanseført netto pensjonsforplikting	294 130	4 969 207
Herav arbeidsgivaravgift	28 191	476 254

Økonomisk føresetnad for utrekning av pensjonskostnad

	2025	2024
Diskonteringsrente	3,90 %	3,90 %
Lønsvekst	4,00 %	4,00 %
G-regulering	3,75 %	3,75 %
Pensjonsregulering	2,75 %	3,00 %
Forventa avkastning	6,20 %	5,90 %
Aga sats	10,60 %	10,60 %
Amortiseringstid	10 år	10 år
Korridorstørrelse	10,00 %	10,00 %

ÅRSRAPPORT FRÅ STYRE

Note 3 Antall årsverk

Verksemda har hatt 45 årsverk sysselsett i rekneskapsåret.

Note 4 Lån og garantiansvar til leiande personar

Det er ikkje gjeve lån eller finansielle garantiar til leiande personar.

Note 5 Anleggsmidlar

	Maskiner og Anlegg	Tomtar, bygning fast eigedom	Driftslausøyre inventar o.l.	Skip, riggar, fly o l.	Sum
Kostpris 01.01.2025	14 524 298	44 654 875	9 178 986	649 618	69 007 777
Tilgang i året	1 575 400	0	2085024	542 993	4 203 417
Avgang i år			-211 618		-211 618
Kostpris 31.12.2025	16 099 698	44 654 875	11 052 392	649 618	72 999 576
Samla avskrivningar, nedskrivningar og reversering av nedskrivningar 31.12.2025	-12 716 211	-22 854 939	-8 754 065	-178 692	-44 503 907
Balanseført verdi pr. 31.12.2025	3 383 487	21 799 936	2 298 327	1 013 919	28 495 669

Avskrivningar, nedskrivningar og reverseringar

av nedskrivningar i rekneskapsåret -1 088 014 -1 249 957 -557 659 -157 074 -3 052 704

Økonomisk levetid 3-5 år 0 - 50 år 3-20 år 5 år

Avskrivningsplan: Lineær 33,33-20% 2 - 20 % 33,33% 20 %

Meir om varige driftsmidlar/anleggsmidlar

Selskapet har leigeavtalar som ikkje er balanseførte på kr 19 980 759,- per 31.12.25.

Selskapet har kostnadsførte leigekostnader i 2025 på kr 7.010.024,-

Note 6 Revisjon

	2025	2024
Kostnadsført revisjonshonorar	85 002	74 202
Andre tenester	0	0
Sum	85 002	74 202

Note 7 Kundefordringar

Kundefordringar er vurdert til bokført verdi, nedskrive med forventa tap på fordringar.

Spesifikasjon kundefordringar	2025	2024
Kundefordringar til bokført verdi	2 785 740	1 758 953
Avsett til dekning av ikkje sikra fordringar	-1 577 158	-1 186 016
Netto oppførte kundefordringar	1 208 582	572 937
	2025	2024
Årets endring i avsetning tap på krav	391 142	147 641
Årets konstaterte tap på fordringar	8286	76 475
Tap på fordringar	399 428	224 116

ÅRSRAPPORT FRÅ STYRE

Note 8 Skatt

Grunnlag for berekning av skatt	2025	2024
Ordinært resultat før skattekostnad	4 485 579	4 484 954
+/- Permanente forskjellar	-2 735 428	-3 788 407
+/- Årets endring i midlertidige forskjellar	149 843	592 704
- Framførbart underskot		0
Årets skattegrunnlag	1 899 994	650 175
Betalbar inntektsskatt for selskapet basert på 22%	417 999	283 635
Skattekostnad i resultatregneskapen	417 999	283 635
Betalbar skatt i skattekostnad	417 999	283 635
Betalbar skatt i balansen	417 999	283 635

Meir om Skattekostnad

Nordjord Miljøverk IKS har valt å ikkje balanseføre utsett skattefordel.

Note 9 Eigenkapital

	Selskapskapital	Opptent eigenkapital	Sum
Eigenkapital 31.12.2024	2 981 978	11 203 659	14 185 637
Årsresultat	0	4 067 580	4 067 580
Andre endringar	0	4 969 207	4 969 207
Eigenkapital 31.12.2025	2 981 978	20 240 446	23 222 424

Meir om eigenkapital

Andre endringar består av prinsippending for balanseføring av pensjonsforpliktelsen. Denne er ført mot annan eigenkapital.

Note 10 - Avsetningar og forpliktingar

	Forpliktingar 01.01.25	Endring 2025	Forpliktingar 31.12.25
Etterdrift Ivahola	4 612 900	-41 122	4 571 715
Slamfond	4 266 283	1 249 619	5 515 902
KLP Forpliktelsar	4 969 207	-4 969 207	0
Sum avsetning og forpliktelsar	13 848 390	-3 760 710	10 087 617

Note 11 - Gjeld og garantiplikter

	Beløp
Del av gjelda som forfell til betaling meir enn fem år etter regnskapsårets slutt	9 327 094
Gjeld som er sikra ved pant eller liknande sikkerheit i eigendelar	16 389 320
Balanseført verdi av pantsatte eigendelar	28 495 670
Summen av garantiforpliktingar som ikkje er regnskapsført	140 000

MELDING FRÅ REVISOR 2025

VESTLAND REVISJON

Kommunale Oppgåvefelleskap

Førde, Sunnfjord Rådhus, Hafstadvegen 42, 6800 Førde
Postadresse: Postboks 487, 6803 Førde - Org.nr. 923 249 478 MVA
E-post: postmottak@vestrev.no
www.vestlandrevisjon.no

Bankkonto 3705 40 64838 Forretningsadresse:
Dagleg leiar **Asgeir Tveit**
Mobilnr. 908 74 388
E-post: asgeir.tveit@vestrev.no

Til
Nordfjord Miljøverk IKS

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
			029/2026	19.03.2026

MELDING FRÅ REVISOR

Utsegn om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Nordfjord Miljøverk IKS som syner eit positivt resultat etter skatt på kr 4 067 580. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2025, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, irekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2025, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar, føreseger i lov om interkommunale selskap, budsjett- og rekneskapsforskrifta for IKS og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftinga i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår vurdering er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga

Styret og dagleg leiar er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga tilsynelatande er vesentleg feil. Vi uttaler oss om årsmeldinga datert 16.03.2026 og har ikkje noko å rapportere om det.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeiding av årsrekneskapen må leiinga ta stilling til selskapet si evne til halde fram drifta og opplyse om forhold av betydning for å halde fram drifta. Føresetnaden om å halde fram drifta skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar, basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift, god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, anten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekkta, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av fortsatt drift-føresetnaden i årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg usikkerheit knyta til hendingar eller forhold som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg usikkerheit, krev det at vi i revisjonsmeldinga har merksemd på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer vår konklusjon. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller forhold kan likevel medføre at selskapet ikkje held fram drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med styret, mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekkta i

løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til selskapet si forklaring for vesentlege budsjettavvik, anten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå representantskapet sine premisser for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for å gjere greie for budsjettavvik

Styret og dagleg leiar er ansvarlege for å etablere administrative rutinar som sørger for at det blir utarbeidd og iverksett rutinar som sikrar at alle vesentlege budsjettavvik blir identifisert og forklart. Dette gjeld både beløpsmessige rammer og vedtekte premisser for bruken av løyvingane. I årsmeldinga skal styret og dagleg leiar forklare vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, og vesentlege avvik frå representantskapet sine premisser for bruken av løyvingane.

Våre oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å sjå etter om årsmeldinga gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og vesentlege avvik frå representantskapet sine premisser for bruken av løyvingane. Vi skal gje ei fråsegn om årsmeldinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med reglane i kommunelova og RSK 302 Forenkla etterlevingskontroll av vesentlege budsjettavvik. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for om det ligg føre dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik i årsmeldinga.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samsvar med RSK 302, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for om det er avvik frå budsjettvedtak, både beløpsmessige avvik og avvik frå representantskapet sine premisser for bruken av løyvingane, og om det i årsmeldinga er gitt dekkande opplysningar om årsakene til avvika. Revisor sitt skjøn avgjer typen, tidspunktet for og omfanget handlingar. Moderat sikkerheit har klart lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gir derfor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit i attestasjonen, som i konklusjon om årsrekneskapen i revisjonsmeldinga. Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og føremålstenleg bevis som grunnlag for konklusjonen vår.

Asgeir Tveit

Statsautorisert revisor/Dagleg leiar

VESTLAND REVISJON

Kommunale Oppgåvefelleskap